





PÅ SKJERMEN:	I TIMEN:
	<p>Denne timen handlar om takknemlegheit, og da er ei vanleg misforståing at det handlar om å late som at alt er bra, eller som han i denne videoen som smiler av alt som går gale: John Michael Howell - Happy Song [Official Music Video]</p>
	<p>Gruppeoppgåve om å leite fram det gode frå ungdomsskuletida:</p> <p>Etter tre år på denne skulen er de no ekspertar på korleis det faktisk er å vere elev her. Før de sluttar, skal de få bruke denne ekspertisen til å lage noko som de tenker kunne vore nyttig for dykk når de starta her for snart tre år sidan. Kanskje er det noko av det som kan bli nyttig for dei som startar til hausten?</p> <p>Både bilde ser vi 10. klassingen som viser den yngre versjonen av seg sjølv skulen sin. Han viser han alt han har funnet ut av “hacks, tips og hidden gems” i løpet av dei tre åra han har gått her – ting han skulle ønske han visste då han starta.</p> <p>Så no skal de jobbe i grupper. Og først må de prøve å kome på:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei små undervurderte tinga som gjer kvardagen betre her • Det som fungerer overraskande bra her på skulen • Ting de nesten ikkje la merke til i starten, men som faktisk har stor verdi <p>Når de jobbar med dette oppdagar de kanskje forskjellige ting de er takknemlege for har vore slik desse åra, sjølv om de no kanskje er mest takknemlege for at tida her snart er over?</p> <p>Så skal de lage eit produkt av det</p> <ul style="list-style-type: none"> • plakat / oversikt • teikneserie • rap / tekst • kort video / reel • “tutorial” (slik overlever du første året) • Noko anna? <p>Elevane kan godt vise til kvarandre om dei rekk det og er fornøgd med produktet sitt.</p>
<p>Ei lita øving i takknemlegheit</p> 	<p>Gjer denne øvinga saman. Takk - ei lita pause - YouTube</p>
	<p>Les for elevane:</p> <p>Sander går sakte bort frå skulen, med sekken på ryggen, og kjenner at det er litt rart. Det er siste gong. Ingen fleire måndagar her. Ingen fleire timar som kjennest altfor lange. For å vere ærleg, så har det ikkje alltid vore så bra.</p> <p>Han har streva i fleire fag og nokre ting har aldri heilt gitt mening. Andre ting gjekk greitt nok, men det var sjeldan han kjende seg skikkeleg motivert. Mange morgonar var tunge, og han hadde mest lyst til å bli liggande.</p> <p>Det har vore mykje bråk også. Uro i timane. Lærarar som gav opp å få klassa stille. Og han veit godt at han sjølv har vore ein del av det. Det var lettare å tulle det til enn å prøve. Så det har liksom vore... heilt greitt. Ikkje fantastisk. Ikkje forferdeleg. Berre ganske midt på.</p> <p>Men no, når han går herifrå, merkar han at det er noko anna også.</p>

Han kjem til å sakne nokre av lærarane. Dei som faktisk såg han. Som ikkje gav seg, sjølv når han ikkje prøvde så mykje. Dei som brydde seg litt ekstra, utan å lage så mykje styr ut av det.

Og så er det klassa. Dei han har ledd med, hengt med, og delt heilt vanlege dagar med. No skal dei kvar sin veg, og det kjennest litt rart å tenke på at det ikkje blir det same igjen.

Han tenker også på alle dagane som var tunge – og at han faktisk kom seg gjennom dei. At han møtte opp. At han fekk det til, på ein eller annan måte. Ikkje perfekt, men godt nok.

Han stoppar litt opp og ser tilbake.
Det har ikkje vore ein perfekt skule. Det har vore mykje som kunne vore annleis.
Men det har vore bra likevel.
Fordi det var gode folk der.
Fordi han faktisk har lært ganske mykje. Og ledd veldig mykje.

Og no, når det er over, kjenner han det ganske tydeleg:
Han er takknemleg for mykje her. Og samtidig takknemleg for at det er over.

La elevane reflektere litt aleine eller saman:

1. Kva tenker du har vore litt “midt på”, men som du likevel er takknemleg for – når du tenker deg om?
2. Kven eller kva har gjort kvardagen din litt betre, utan at du nødvendigvis har lagt så godt merke til det undervegs?
3. Kva er du mest takknemleg for at du har fått til her?